



OSTERØY
KOMMUNE

Forvaltningsplan for Kossdalen

Innhald

SAMANDRAG	3
INNLEIING	4
Mål med planen.....	4
Aktuelt lovverk.....	4
Eigarforhold	5
OMRÅDESKILDRING	6
Verdiar i naturmangfaldet	6
Verdiar i jordbruk, skogbruk og beite.....	8
Verdiar i kulturlandskap og kulturhistorie.....	8
Verdiar i reiseliv.....	9
Verdiar i friluftsliv	10
Verdiar i grunneigarar og «Vener av Kossdalen»	11
TILSTAND PÅ VEGEN	12
VURDERING	14
TILTAK	15
Vedlikehaldstiltak	15
Reparasjonstiltak	16
VEGEN VIDARE.....	17
AVSLUTNING	18

Samandrag

Kossdalsvegen og Kossdalssvingane ligg som ei kulturhistorisk perle mellom Mjøs og Svenheim, der



Foto: Osterøy kommune

svingane buktar seg opp som hårnåler. Vegen har høge verdiar innanfor kulturminne og naturmangfald fordi området i liten grad har vore endra sidan slutten av 1800-talet, då vegen vart bygd. I tillegg har den landbruk- og jordbruksverdi, gjennom beite- og skog. Sidan vegen ikkje lenger er nytta av køyretøy, er den godt eigna som turveg. Turvegen er ikkje universell utforma (UU) heile strekka, men grunna ein handikapparkering eit stykke inne i dalen frå Mjøsvågensida er den likevel godt eigna for rørslehemma. Dette gjev området høg verdi innanfor friluftsliv. Dalen seiast på folkemunne å ha «ei unik atmosfære», noko som har medført at turistar både regionalt, nasjonalt og internasjonalt har oppdaga området, godt hjelpt av marknadsføring via Visit Bergen.

Planen vil sei noko om kva verdiar dalen har på dei ulike områda/for dei ulike interessentane. Vidare vil den sei noko om vegen sin tilstand og kva tiltak som bør utførast for å sikre at den beheldt verdiane som forvaltningsplanen skisserer. Til slutt vil planen sei noko om kva som vert vegen vidare.

Innleiing

Kossdalen ligg på nordvestsida av Osterøy, mellom Svenheim- og Hosangerbygda. Kossdalsvegen er den gamle bygdevegen mellom Hosanger og den midtre delen av Osterøy, og strekker seg gjennom heile dalen.

Forvaltningsplanen skal vere eit verktøy for å ta i vare området, slik at vegen blir halden ved like og området kan nyttast til turar og aktivitetar, samstundes som naturmangfaldet og kulturminna blir sikra. Planen skal samle dei relevante fagområda som gjeld i denne samanhengen og gje retningslinjer for vedlikehald og drift.

Planen tek ikkje stilling til utviklingstiltak. I forbindelse med Kommuneplanen sin arealdel, vil administrasjonen føreslå å legge Kossdalen i ei eller fleire omsynssoner i tråd med Plan- og bygningslova § 11-8.

Målet er å legge til rette for ein berekraftig bruk av området som ikkje påverkar naturen eller kulturminna på ein måte som gjer at dei får midlertidige eller varige endringar som øydelegg kulturminnet eller naturmangfaldsverdiane. Dette er ei utfordring som vi ventar vil auke i åra som kjem, fordi Kossdalssvingane har blitt eit reisemål for både regionale, nasjonale og internasjonale gjester.

MÅL MED PLANEN

Hovudmålsetting med forvaltningsplanen er at området får retningslinjer for vedlikehald og drift, som tek i vare kulturminne- og naturmangfaldsområde, som friluftsarena og som reiselivsdestinasjon. Det er også viktig å ta i vare grunneigarinteressene, som handlar om ved, beite og fiske, i planen. Bruk og vern skal balanserast, og bruken skal vere berekraftig.

Planen vert ikkje kartfesta. Administrasjonen vil komme tilbake med kart som gjev grenser for dei ulike omsynssonene i kommuneplanen sin arealdel i løpet av 2024. Forvaltningsplanen gjev føringar for vedlikehald av sjølve vegen og vegskuldra, med fokus på kulturminne, naturmangfald og grunneigarinteresser.

AKTUELT LOVVERK

Lovverk	Relevans i planen
Lov om friluftslivet (friluftsloven)	Regulerer allemannsrett og -plikt.
Plan- og bygningslova	Med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 vert det laga omsynssoner med føresegner for området i løpet av 2024. Føreseggnene til KPA vil gjelde for framtidige tiltak innanfor omsynssona.
Lov om forvaltning av naturens mangfold	Kossdalen er delvis kartlagt, og ein veit her er raudlista artar. Det gjer at lova har relevans utover det generelle førebyggande perspektivet.
Lov om vassdrag og grunnvann	Kossdalselva har vore regulert tidlegare, og vassdraget har framleis fiskemogeleheter.

Lov om motorferdsel	Regulerer mogelegheita til å drive motorferdsel i dalen for grunneigarane, og er nødvendig for at dei skal kunne ta i vare sine plikter som grunneigarar.
Lov om skogbruk	Regulerer grunneigarane sin moglegheit til å ta ut skog.
Lov om jordbruk	Regulerer kva tiltak grunneigarane kan gjere for å lette uttak av skog.

EIGARFORHOLD

Nordhordalandskartet gjev oversiktleg informasjon om grunneigarane i Kossdalen. Som ein del andre anlegg og vegar i kommunen, er eigarforholdet til sjølve veganlegget noko meir komplisert. Administrasjonen har brukt mykje tid og ressursar på å finne ut av om kommunen framleis eig sjølve vegstrekket. Med heimel i ei handbok frå Statens vegvesen om «*gamle vegfar*», fann ein at vegen per i dag er eigmært av brukarane av vegen, og at det er ein kombinasjon av grunneigarar, lokale brukarar og kommunen. Med heimel i denne vurderinga, vart det gjort ei løyving i heradsstyret våren 2023 om nokre reparasjonstiltak. Vurderinga er at kommunen ikkje kan fråskrive seg alt ansvar for vegen sidan den er marknadsført via Visit Bergen, der Osterøy kommune står som medlem.

I lokalsamfunnet i Hosanger og på Svenheim er det ein forståing av at kommunen eig vegen fullt ut, fordi det har vore ein ordinær, kommunal veg. Administrasjonen har leita i gamle arkiv, og har per i dag ikkje funne dokumentasjon på at vegen formelt har blitt nedklassifisert. Gamle arkiv kan vere ufullstendige, og den heilsaklege vurderinga basert på andre dokument tyder likevel på at vegen i praksis er gått ut av det offentlege sitt ansvar som ein ordinær veg.

For å finne svar på eigarskapet, er det to former for kompetanse som må ligge til grunn. Det første er juridisk kompetanse, det andre er historisk kompetanse. Administrasjonen vurderer at ein bør ta seg tid til ytterlegare ein vurdering av vegen sitt eigarskap nå som ein har tilgang til jurist i organisasjonen, sidan den lokale forståinga av kommunen som eigar står så sterkt. Dette kan likevel ikkje seiast å vere ei hastesak, sidan ein saman med lokalbefolkninga har god dialog kring reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Den juridiske vurderinga må, når den føreligg, sjåast i samanheng med ei historisk vurdering.

Historisk metode er eit eige fagfelt, og det er ulike greiner av korleis ein utfører tolking av historiske dokument. Kommunedirektøren vurderer at det kan vere eit alternativ å søke å inngå samarbeid med Universitetet i Bergen for å finne forteljinga om vegen.

Uavhengig av eigarskap, er det i praksis slik at det ikkje er driftsmidlar i Osterøy kommune for å vedlikehalde vegen fullt ut aleine. Ein er avhengig av eit samarbeid med grunneigarar og lokale krefter elles for å halde vegen i stand. Spørsmålet om eigarskap kan difor seiast å vere meir av prinsipielle årsaker enn av praktiske årsaker per i dag, spesielt med tanke på at den økonomiske løyvinga er vedteken å bli gjort via dispensasjonsfondet (i praksis driftsbudsjettet). Dersom det skulle bli snakk om

ytterlegare ei løyving via investeringsbudsjettet, er eigarskapsspørsmålet på nytt relevant. Det bør difor bli arbeidd meir med.


Områdeskildring

Kossdalen er unik på det vis at det kombinerer kulturminneverdiar (ein gamal ferdsselsveg frå før Kossdalsvegen vart bygd og ein mogeleg gravhaug), eit teknisk kulturminne frå slutten av 1800-talet (Kossdalsvegen), naturmangfald med fleire typar mose, skog og sopp som er utrydningstrua, samt gode mogelegheiter for friluftsliv og fysisk aktivitet. Kombinasjonen av alt dette gjer at Kossdalen i tillegg er i ferd med å bli ein attraktiv reiselivsdestinasjon, grunna den sin unike atmosfære.

VERDIAR I NATURMANGFALDET

Det er eit stort naturmangfald i Kossdalen. Kossdalselva og Holaelva sørger for at dalen er frodig og at fleire sjeldne planter og mosar veks der. Nokre av desse er raudlista (utrydningstrua) artar. Det krev høg kompetanse å identifisere og kjenne att ulike typar mose, sopp og skog, og vite om disse er raudlista/utrydningstrua eller ikkje. I prinsippet kan alle inngrep i natur potensielt vere skadelege og/eller gjere uoppretteleg skade. Dette gjeld inngrepa i seg sjølv, og at ein ved inngrep kan komme til å innføre framande artar som kan fortrenga andre artar og naturtypar frå området. Det medfører at det er eit «føre var»-prinsipp som må gjelde.

Områda rundt Kossdalsvatnet vart registrert i 2011-2012 (Holtan 2013¹). Det vert i kartlegginga vist til at Kossdalen er kjent som det området på Osterøy som har best vekstforhold for artar som er utrydningstrua. Det er registrert fleire utrydningstrua artar i området kring Kossdalsvatnet, mellom anna ål og gråspett.




¹ Holtan, D. 2013. Supplerande kartlegging av naturtypar i Osterøy kommune. Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2013

Det er tre registrerte naturtypar i området rundt Kossdalsvatnet. Naturkartleggingar, slik dåverande «Fylkesmann i Hordaland» gjennomførte, tek utgangspunkt i naturtypar og potensialet for funn av raudlisteartar.

Området har òg gode forhold for utrydningstrua lav og mose, og det er stort sannsyn for funn av sopp i området.

Område i kart	Naturtype	Verdi	Artstype	Kommentar
1	Rik sump-, kjelde- og strandskog	Svært viktig	Gul buktkrinslav	
2	Rik blandingsskog i låglandet	Viktig		Området har eit bra potensial for å finne raudlista artar, utgjer eit fint supplement til dei andre skogane i området og utviklar seg raskt i retning mot å bli ein eldre naturskog.
3	Rik blandingsskog i låglandet	Svært artsrik, varierte vegetasjonstypar	Boreonemoral blandingsskog	Ein bør vente funn av sjeldne eller raudlista soppar i området.

Mykje tråkk utanfor vegen kan medføre dårligare vekstforhold for dei trua artane. Allemandsretten gjev løyve til fricamp, og i små mengder er ikkje dette ei utfordring. Utfordringar kjem dersom dei same områda vert nytta i så stor grad at naturen vert påverka, eller at dei som fricampar ikkje har forståing for allemandsplikten. I tillegg kan tilretteleggingstiltak som vert gjort i området i beste mening, som drenering og påfylling av grus, påverke naturmangfaldet.



Vassdraga som går ned over Kossdalen munnar ut i Mjøsvågen i Osterfjorden. I Kossdalsvatnet er det ferskvatnfisk som regelmessig vandrar til fjorden på næringssøk og tilbake til ferskvatn for gyting (www.snl.no 120123). Kossdalselva, som tidligare har tidlegare vore regulert, har få inngrep der fisken vandrar, og er en produktiv sjøaurebekk. Det er nokre få område i elva der det er laga kanalar, og det er etablert ein kulp nedst i vassdraget.

Kossdalselva vert truleg i mindre grad påverka av vedlikehaldstiltak av turvegen. Det er likevel verdt å vere medveten om at bekken har kvalitetar som gjer at den bør takast omsyn til, og at det eksempelvis ikkje er hensiktmessig å bruke den for å dumpe eventuelt overskot av stein og grus. Lokale fiskarar opplyser om at det til no har vore for mykje fisk i elva.

VERDIAR I JORDBRUK, SKOGBRUK OG BEITE

Det er aktiv landbruksdrift i området, og det vert av grunneigarane vurdert som verdifullt. Per i dag er det gardsdrift med geit, samt produksjon av honning og geitost. Det er berekraftig at grunneigarane fortsett å bruke Kossdalen som jordbruks-, skogbruks- og beiteområde. Det er særleg hensiktsmessig at det vert fokusert på hogst av grantre som hindrar effektiv grøfting av vegen, samt uttak av gran med mål om å føre kulturlandskapet nærmest vegkanten tilbake til slik det var når vegen vart bygd. Dersom grunneigarar ynskjer å ta ut gran i stort omfang, bør ein ta kontakt med landsbrukskontoret i Osterøy kommune for ein vurdering av hensiktsmessig uttak, metode for uttak og replanting.

Kossdalsvegen er ikkje dimensjonert for tømmertransport. Ein midlertidig velteplass og snuplass må vere mogleg å få til på innmarksbeite på gardsnummer 73, bruksnummer 5. Eit mobilt sagbruk her vil kunne gjere det mogleg å transportere ut trevirket med mindre risiko for å påføre vegen skade. Dersom det her er tenkt ei permanent løysing krev tiltaket truleg løyve til å disponere om frå jordlova § 9. Generelt er det anbefalt at grunneigarar tek kontakt med kommunen dersom det er behov for å gå inn med maskinpark på over 3,5 tonn. Dette fordi vegen inn forbi snuplassen ved Holavatnet ikkje er dimensjonert for motorkøyretøy utover «enkle landbruksmaskiner».




Foto: Osterøy kommune

Det er observert «styvingstre» i området. Dette er edellauvtre (ask, selje) som ein tidligare kutta av så pass langt oppe at dyr ikkje kunne spise på dei. Då veks det opp tynnare stammer som dei kunne bruke til å hauste av. Det vart til før til dyrene og emner til reiskap. Dersom ein kjem over denne type tre i hogstarbeid, bør dei få stå att.

VERDIAR I KULTURLANDSKAP OG KULTURHISTORIE

Kossdalsvegen vart bygd i åra 1881-1897. Lengda på strekninga gjennom skaret der svingane ligg, er om lag 360 meter. Frå ei høgd på 75 meter over havet stig vegen i 17 slyngar til ei høgd av 175 m.o.h.

Stigninga er 27 % i gjennomsnitt. Til samanlikning er stigninga i Stalheimskleivane 20 %. Vegen er om lag 2,5 meter brei. Murane er opp til 6 meter høge. (*Kossdalsvegen Osterøy (1997)*)². Hårnålssvingane er av ein slik karakter at Statens vegvesen og Vegmuseet reknar dei som eit verneverdig kulturlandskap, og dei har oppfordra Osterøy kommune å sørge for at vegen blir tatt i vare som kulturminne.

I *Nasjonal verneplan for vegminner*³, er det lista tre ulike segn frå området. Dette medfører at området har kulturhistoriske verdiar:

- I den 10. svingen, sett oppifrå, er det ein heller som heiter *Lammastøkken*. Den skal arbeidarane ha brukt til overnatting.
- Lenger nede er det ei berghylle med mykje småstein på. Tidlegare generasjonar hadde moro med å kasta Stein på hylla når dei gjekk forbi, og sjå om steinen vart liggjande. Dette vert kalla eit «varp».
- Om vinteren tok ein seg fram over isen på Kossdalsvatnet. Ei segn fortel at eit brurefølgje var på veg til kyrkja på Hosanger, men heile følgjet gjekk gjennom isen. På folkemunne vert det vidare sagt at «når sola skin på vatnet, skal ein kunne sjå at det blenkjer i brurekrona».
- Ein kan sjå restar av 17. mai tribunar og utløper ved handikapparkeringa ved starten av turvegen.

Det finnes ein eldre kløvveg som vart avløyst av Kossdalsvegen, som er synleg fleire stader i skaret, og nede i dalen. Den er steinsett, men går meir i flukt med terrenget samanlikna med køyrevegen. Fylket har vore på synfaring i samråd med aktuelle grunneigarar, og registrerer den eldste vegen i Askeladden⁴.

Det har over tid vore antyda at det ligg ein gravhaug ovanfor den sørlege enden av Kossdalsvatnet. Den er meldt inn til fylket, som etter synfaring vurderer at det kan vere ein gravhaug.

Det er difor mange verdiar i kulturlandskap og kulturhistorie i Kossdalen. Dei fleste ligg lengst inne, over det som kan forståast som bygdegrensa til Svenheim.



Foto: Osterøy kommune

VERDIAR I REISELIV

Dei siste åra har bygdefolket i Hosanger hatt fokus på å skape eit levande lokalsamfunn, med til dømes Mjøsvågen kafé, Hosanger treskoverkstad, Mjøsvågen landhandeli, den flytande badstova Flabellina,

² «Kossdalsvegen Osterøy. Statens vegvesen og Osterøy kommune (1997).

³ Nasjonal verneplan for vegminner, Kossdalen Reg.nr V1253-001

⁴ Askeladden er ein database der ein registrerer kulturminne.

samt tilgang til gjestekai. Mjøsvågen ligg som ein naturleg del av Kossdalen, og kombinasjonen mellom disse gjer at området har verdiar innanfor reiseliv.



Foto: @Visit Osterøy

Reiselivsaktørar som Visit Osterøy og Visit Bergen marknadsfører Kossdalen og Mjøsvågen som turistmål. Omtalar av Kossdalen finnes på www.ut.no, www.visitosteroy.no, og www.visitbergen.no.

Reiselivsverdiane fører med seg utfordringar. Den største er mangel på toalett. Det er ein reell risiko at verdien av dalen går ned utan tilgang på toalett, fordi naturen då kan bli erstatninga.

Reiselivsaktørane kan tilby omvising i dalen utan at dette øydelegg verdiane i dalen, så lenge ein tek omsyn til friluftslivslova sine prinsipp om aktsam ferdsel, og ein er medveten på. Grunneigarar bør kontaktast. Vidare bør ein vere medveten på at tiltak som er meint å styrke reiselisverdiane, òg kan få den konsekvensen at reiselivsverdien på sikt går ned. Lokalbefolkinga i Hosanger og på Svenheim trekker fram dalen sin atmosfære som kjem av det er tilnærma urørt på over 100 år som den sin største verdi. Dersom ein då satsar stort på reiselivstiltak som overnatting, sal av suvenirar og liknande tiltak i dalen, vil det kunne medføre at dalen blir mindre attraktiv for turistar.

VERDIAR I FRILUFTSLIV

Kossdalen er eit område med gode mogelegheiter for å telte, gå på tur, fiske og på andre måtar vere ute i naturen. Dalen er lett tilgjengeleg i form av handikapparkering på Hosangersida, men vegen



Foto: Inge Johs Reigstad

tilfredsstiller ikkje krava til universell utforming. Sjølv om vegen formelt ikkje vil få status som turveg med universell utforming (UU), er det eit ynskjeleg at vedlikehaldstiltak blir gjennomført med mål om at det skal vere så lett som mogleg å ferdast med rullestol og barnevogn.

Friluftslova gjev alle lov til å ferdast med omsyn i området, men det er ein del vilkår som ein må følgje. Vilkåra handlar om å ferdast mest mogeleg sporlaust og om å ta omsyn til grunneigarar.

Osterøy turlag og Osterøy revmatikarlag har nyleg satt opp gapahuk på ei tomt omtrent halvvegs i dalen.

For at dalen framleis skal ha verdi som eit friluftsområde det er godt å ferdast i, er det hensiktsmessig at vegen har jamleg vedlikehald og tilførsel av grus i tråd med miljødirektoratet sin rettleiar⁵. Her vert det anbefalt å nyte ein type grus som skil seg lite ut frå omgjevnadane, noko som betyr at det fortrinnsvis skal vere stadleg grus. Dette er òg det beste i eit naturmangfaldperspektiv, då tilførsel av grus kan føre med seg framande artar som ikkje naturleg høyrer heime i dalen. Omgrepet stadleg grus betyr ikkje nødvendigvis at ein berre kan nyte grus som allereie er i Kossdalen. Omgrepet er vagt, og kan bety å hente grus så nærme som mogeleg.

Vidare anbefaler rettleiaren at det vert nytta grus med sterk bindeevne for å sikre eit fast toppdekke. Dette vil gjere det lettare å ferdast på vegen med rullestol og barnevogn. For synshemma er det ein fordel at det vert drenert grøft langs traseen, og at grusvegen vert heva.

Friluftslivverdien i dalen er høg, både for lokale og for tilreisande. Det er eit område både for rekreasjon, fysisk aktivitet og trening.

VERDIAR I GRUNNEIGARAR OG «VENER AV KOSSDALEN»

Grunneigarane i området, heile vegen frå Mjøsvågen til Svenheim, har over fleire tiår lagt ned ein stor innsats som gjer at Kossdalen har den verdien den har med tanke på naturmangfald, kulturminne, friluftsliv, jordbruk, skogbruk og beite. Osterøy kommune og Statens vegvesen bidrog til arbeidet med tilskot og fagleg rettleiing, men på eit tidspunkt falt den offentlege innsatsen bort. Grunneigarar og lokalbefolkinga har heile vegen vore viktige ressursar i arbeidet. Dette er i tråd med stortingsmeldinga «Nye mål i kulturmiljøpolitikken (2019-2020)⁶, som seier at det i Norge er lang tradisjon for frivillig engasjement rundt kulturarv, og at innsatsen som einskildpersonar, organisasjonar og private eigarar har gjort for å ta vare på kulturminne har høg verdi.

⁵ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1326/m1326.pdf>

⁶ [Meld. St. 16 \(2019–2020\) - regjeringen.no](http://Meld. St. 16 (2019–2020) - regjeringen.no)

Grunneigarar og dei lokale laga i området har gjort mykje riktig, og er ein kjemperessurs i det vidare arbeidet. Osterøy kommune er pliktig, via stortingsmeldinga «*Nye mål i kulturmiljøpolitikken (2019 – 2020)*», om å legge til rette for å nå målet om at «**Alle skal ha mogelegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.**».

Det å fortsette å legge til rette for at grunneigarane kan bruke dalen, og at dei kan arbeide effektivt gjennom å kombinere bruk av maskinkraft og handarbeid, er med på å legge til rette for at vi saman klarer å ta i vare området som eit kulturmiljø for framtidige generasjonar. Mjøsdalen IL og dei seinare åra «Vener av Kossdalen» har etablert krefter, og spesielt svingane har dei siste åra fått ein oppgradering (frå gjengrodd sti til turveg) som gjer at det vert teke godt i vare. Dette er ressursar som bør takast godt i vare i framtida.

Tilstand på vegen

Vegen er mykje brukt som turveg, men ikkje nok til å hindre at vegetasjonen kryp inn frå sidene (Monstad 2021)⁷. Midten av vegen ligg lågare på grunn av mose, gras og tuer på vegskuldra. Grøftene er i stor grad gjengrodd, noko som medfører at dei ikkje fungerer som dei skal. Vatnet kjem i staden ut i vembana, og følgjer denne nedover. I styrregn vert grusen skylt vekk (Monstad 2021). Enkelte stadar har vegetasjonen fått så sterkt feste at røtene har vokse seg inn under grusen i vegen (bilde). Å reinske skog i eit fem meters belte ut frå vegen, samt å fjerne røtene, er vurdert som ikkje meldepliktig etter § 11 i Skogbrukslova.



Foto: Osterøy kommune

Vener av Kossdalen starta allereie i 2021 arbeidet med å reinske murane for mose, basert på første synfaring av Kjetil Monstad. Han skreiv følgjande i rapporten:

Det positive er at ein kan oppdaga skadar før dei vert omfattande, medan det kan ordnast opp i med liten innsats og små inngrep. Dersom ein ikkje reinskar murane, vil neste suksjonstrinn vera at tre finn rotfeste i denne vegetasjonen. Røtene vil då finna veg inn i murverket. Når trea så lener seg utover, og svaiar i vind og storm, vil røtene virka som eit kubein inn i muren. Ein vil difor førebyggja framtidig skade ved å reinska murane for vegetasjon.

(Monstad 2021)

⁷ Tilstandsvurdering og tiltak, Kossdalssvingane. Kjetil Monstad 2021



Foto: Osterøy kommune

vorte tippa i ein av dei nedste svingane. I ei kulturminne- og naturmangalfagleg vurdering, er ein kome fram til at tippdeponiet ikkje bør vere i Kossdalalen. Det er sterkt ynskjeleg at overskotsmassar vert teke ut frå dalen (Monstad 2021).

I ein rapport om korleis bruk påverkar vegar og stiar, vert det vurdert at det er ulik slitasje mellom dei som går, syklar, rir eller kører med motoriserte køyretøy. Feltarbeidet rapporten bygger på, tyder på

I ei ny synfaring 28. april 2023 var dette arbeidet fullført. Ein ser no murane tydeleg langt framme i dalen. Kulturminnet er blitt teke fram att i dagslys, og det er lett å følgje med skader og utglidingar for å lettare kunne vedlikehalde. Vestland fylke vurderer at det har høgare verdi å ikkje fjerne mose, fordi kulturminnet blir då bevart. Osterøy kommune vurderer at ein slik tilnærming vil medføre høg risiko for at murane vert øydelagt og vil ha behov for kostbare reperasjonar.

Det som nå bør prioriterast høgt, er å fjerne skog i ei gate som går 5 meter ut frå vegskuldra på kvar side. Det viktigaste strekket å gjere dette på, er dei partia der røtene på trea er i ferd med å grave seg under vegen. I praksis er dette eit parti på nokre titalsmeter rett før svingane startar. Dette arbeidet er krevjande, og må utførast av personar med høg kompetanse på skogbruk, enten formell kompetanse eller realkompetanse. Trea må fellast parallelt med vegen, fordi det å felle dei over vegen vil medføre høg risiko for ytterlegare skade.

Det er ingen tvil om at vedlikehaldstiltaka vil etterlate seg avfall. Fram til no, har det

små forskjellar i slitasjen mellom sykkel og ferdsel til fotos (Evju m.fl. 2020)⁸. I ei handbok frå Riksantikvaren om *Gamle vegar og vegfar* (2021⁹), vert det likevel anbefalt følgjande:

«Selv om det ikke er vitenskapelig undersøkt, tyder erfaring fra forskjellige veghistoriske prosjekt på noen generelle trekk. Syklister gir fort bremsemerker og spor etter hard tråkking i bakker og vått terren, mens vandrere tilpasser seg lokale forhold i terrenget bedre. Ridende har et større marktrykk og setter dypere spor. Til gjengjeld er det vanligvis langt færre hester enn syklister og vandrere som bruker (ein) veg (...).»

I det vidare marknadsføringsarbeidet og bruken av vegen, har ein difor alt å vinne på marknadsføre det som ein turveg som er best eigna for gåande.

Vurdering

Vener av Kossdalen melder om auka ferdsel i dalen dei siste åra. Auka ferdsel og bruk krev større medvit om korleis ein skal leggja til rette for frilufts- og reiselivsinteresser, samstundes som ein praktiserer Friluftslova og tek omsyn til naturmangfald og kulturminne.

Friluftslova med allemannsretten og allemannsplikta gjer det vanskeleg å avgrense besøkstalet i dalen. Marknadsføring, bevisst gjennom ulike kjelder i Visit Norway, eller uformelt gjennom sosiale media, gjer at besøkstala kan vere i ferd med å auke til eit nivå der slitasjen på turvegen blir for stor eller naturen i dalen tar skade. Dette kan vere ei stor utfordring for grunneigarar og lokalmiljø, spesielt på Svenheimsida der det ikkje er tilrettelagt for auka trafikk på den lokale vegen eller parkeringstilhøva er gode nok. Å utvide parkering her vil enten vere i strid med kulturminnelova eller i strid med landbruksinteresser.

Osterøy kommune vurderer at tilkomst berre bør bli marknadsført til å vere frå Mjøsvågen sida, fordi ein då kører på ein fylkeskommunal veg som er betre eigna enn den smale kommunale vegen opp til Svenheim. Vidare er det mogelegheit for parkering ved Hosanger kyrkje og Mjøsvågen landhandlere. Tilkomsten vidare blir via ein kommunal, asfaltert veg, blant anna gjennom eit gardstun, eller via turstien «Markavegen» som ein finn ved å gå forbi Hosanger Montessori skule og inn ein stikkveg til høgre. Fordelen ved å legge til rette for begge disse tilkomstane, som møtes ved handikap parkeringa ved starten av Kossdalen, er at belastninga på dei som eig gardstunet kan bli mindre. Den kommunale vegen går etter kvart over i ein grusveg som vert nytta primært som turveg, samt at den gjev tilgang til eigedommene for grunneigarane. Tilkomsten via «Markavegen» går langs med Holavatnet.

⁸ Evju, M., Hedger, R., Nowell, M., Vistad, O.I., Hagen, D., Jokerud, M., Olsen, S.L., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. (2020). Slitasje og egnethet for stier brukt til sykling. En feltstudie og en GISmodell. NINA Rapport 1880. Norsk institutt for naturforskning

⁹ Gamle veger og vegfar - en håndbok i vern og tilrettelegging - Riksantikvaren

Lengst inne i dalen er kulturminneverdien høg. Felles for heile området er at vurderingar om kva tilretteleggingstiltak som kan utførast må gjerast i forbindelse med omsynssona og føresegne her, dersom heradsstyret vel å legge dalen i omsynssone i forbindelse med KPA. Til sist er det uansett ordinær sakshandsaming i kvart enkelt sak som avgjer kva utviklingstiltak som vert gjennomført i dalen. Omsynssonene vil vere ein del av vurderingsgrunnlaget saman med dei generelle reglane i plan- og bygningslova.

Tiltak

Tiltaksoversikten summerer opp kva som bør utførast og kven som har ansvar for å gjennomføre.

Tiltaka vert delt i to grupper:

Type tiltak	Formål med tiltaka
Vedlikehaldstiltak	Jamnleg vedlikehald og førebygging av skader
Reperasjonstiltak	Der skader har oppstått

VEDLIKEHALDSTILTAK

Vedlikehaldstiltaka er førebyggande tiltak. Formålet med disse tiltaka er å hindre at vegen får større skader, og dermed minke reparasjonskostnadene. Alle vedlikehaldstiltak har ein verdivurdering. Den bygger på i kva grad det enkelte tiltak vil vere med å nå målet om å ta i vare Kossdalens som eit friluftslivs-, kulturminne-, naturmangfalds- og reiselivsområde som òg tek i vare grunneigarinteresser og -behov. Verdivurderinga er delt i tre; høg (H), middels (M) og låg (L).

Osterøy kommune ynskjer å drøfte eit samarbeid med Vener av Kossdalens/Mjøsdalen IL, og avtalefesta korleis ein skal løyse oppgåver og kostnader knytt til vedlikehaldstiltak.

Stad	Tiltak	Formål	Verdi
Heile dalen	Beiting	Forhindre oppvekst av kratt og skog	H
Langs vegen og på murane	Fjerne vegetasjon	Følgje med på endringar i murane som vil krevje reperasjon før skade har oppstått.	H
I berget oppover svingane	Fjerne tre	Minke rasfare	M
Heile vegen	Gruse	Sikre friluftslivsverdien	H
Heile vegen	Fjerna vegetasjon	Sikra at grøftene og stikkveitene er opne	H
Overflødige massar	Fjerne tippmassar	Sikre at punkt på vegen ikkje vert øydelagt av store massar.	L
Svingane	Sette opp att stabbesteinlar	Sikre stabbesteinlar som ikkje har rast, frå å rase	M

Kjetil Monstad, tradisjonshandverkar, har utforma retningslinjer om nødvendige reperasjonar på vegen (2023)¹⁰. I disse skriv han:

«Ein kombinasjon av maskinbruk og manuelt arbeid med handreiskap, der ein går over med handreiskap til slutt, vil etterlata eit autentisk og tilfredsstillande uttrykk på det utførte arbeidet. (...) Vegbreidde og konstruksjon tilseier at ein truleg bør setja ei øvre grense på omlag 5 tonn. I dei fleste tilfelle vil ein vera betre tent med mindre maskiner enn dette.»

(Kjetil Monstad 2023)

Med heimel i rettleiaren frå miljødirektoratet¹¹, vurderer Osterøy kommune at grusen som vert nytta til å halde vegen i stand, bør hentast så nærmere Kossdalen som mogeleg. Dette fordi det vil vere urealistisk å kunne hente ut tilstrekkeleg med grus frå sjølve Kossdalen til formålet. Det er likevel viktig at bindeevna på grusen er høg slik at den ligg stabilt, og gjev best mogeleg framkomstmogelegheit for rullestolar og barnevogner.

REPARASJONSTILTAK

Det er ei erkjenning at sjølv om ein er stabil med vedlikehald og gjer eit godt førebyggande arbeid på dette, vil det likevel periodevis vere behov for reparasjonstiltak. Det er hensiktsmessig å ha gode avtalar og dialog mellom kommunen og ressursgruppene i Kossdalen. Det vil sei Vener av Kossdalen, Mjøsdalen IL, grunneigarar med fleire.

Osterøy kommune har gjort eit vedtak forankra i heradsstyre om å sette av midlar til nokre store reperasjonstiltak. Dette er punkta 1 – 6 i tabellen under. Disse var ferdigreparert medio april 2024. Til disse tiltaka, har ein fått ei løyving på kroner 220 000 frå Vestland fylke. I tillegg er det satt av nokre midlar til å kartlegge nokre punkt med tanke på rasfare. Til det formålet er det òg søkt om «straksmidlar» frå Vestland fylke.

Stad	Tiltak	Formål	Utførast av
1.	Nedst i svingane	Reparere utrast mur	Reinske vekk veggrus og fyllmassar. Plukka vekk det som er naudsynt for å få murt seg inn på ein stødig del av vegmuren. Vener av Kossdalen med rettleiing frå fagpersonell på handverksarbeid. Sjølve reperasjonen må utførast av fagpersonell.
2.	Nedst i svingane	Sikre eit berg som har sprekker	Forhindre ras Fagpersonell
3.	Øvst ved Svenheim	Reparere skadd vegparti ved parkering	Forhindre utgliding av veg Fagpersonell

¹⁰ Retningslinjer for vedlikehald av Kossdalsvegen. Kjetil Monstad 2023

¹¹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1326/m1326.pdf>

4.	Opp svingane	Sette opp stabbesteinlar	Sikring mot fall/utforkøyring i vegkanten.	Vener av Kossdalen under rettleiing av fagpersonell
5.	5. svingen	Ordne utrust støttemur	Reparere utrust støttemur	Fagpersonell
6.	8. svingen	Ordne skadd vegparti	Reparere skadd vegparti	Fagpersonell
7.	Langs vegen, i hovudsak i partiet ved starten av svingane	Skogshogst	Sørgje for at tre vert fjernet for å kunne lage grøfter som leiar vatnet vekk frå vegen	Personar med formell skogsdrift-kompetanse, evt lang erfaring.
8.	Vurdere rassikring		Hente inn geolog for å sjå på ein konkret stein	

Vegen vidare

Osterøy kommune vil i løpet av 2024 gjere ferdig arbeidet med forvaltningsplan og omsynssoner for området. Vidare har kommunen meldt interesse for å delta i eit prosjekt i regi av Vestland fylke om besøksforvaltning. Besøksforvaltning vert av Miljødirektoratet¹² forstått på følgjande måte:

Besøksforvaltning handler om å ha kunnskap om naturområdet du har ansvaret for, og en plan for hvordan utfordringer knyttet til turisme og friluftsliv i området skal håndteres.

Besøksforvaltning er en metode som hjelper deg med langsiktig og helhetlig planlegging, slik at du kan legge til rette for og styre bruken av et område etter definerte mål. Målet er at både natur- og kulturverdiene, allemannsretten, opplevelsen og sikkerheten blir ivaretatt.

Arbeidet med besøksforvaltning skal også involvere lokalsamfunnet, slik at trivsel og bolyst blir ivaretatt og det blir lagt til rette for bred lokal verdiskaping.

Kommunen er i ein avklaringsperiode i skrivande stund, men det går mot at ein lagar ein plan for besøksforvaltning som omfattar heile kommunen, ikkje berre Kossdalen. Fokusområde for Osterøy kommune i prosjektet vil mest truleg bli «Fellesgoder som toalett, søppel, parkering etc» og «Utvikle berekraftig turisme fra grunnen av basert på besøksforvaltning». Begge disse tema vil komme Kossdalen til gode.

Vidare er Visit Bergen i gang med ein Destinasjonsstrategi i lag med sine medlemskommunar. Målet med denne er å gjere ein nullpunktanalyse av krava for å bli sertifisert etter merkevareordninga for reiselivet, og korleis ein kan arbeide for å bli sertifisert. Dette arbeidet vil rydde i ein del uavklarte forhold med tanke på reiselivsnæringa på Osterøy.

¹² [Hva er besøksforvaltning? - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no/hva-er-besoeksforvaltning)

Saman med BOF, er det sett på ein mogeleg løysing for eit toalett på eit tomt som Mjøsdalen IL eig eit godt stykke fram i dalen. BOF søkte statleg sikring på tomta saman med Mjøsdalen IL innan frist 15. januar 2024, men denne søknaden er ikkje avklart. Mangel på toalett er ein stor trussel mot dalen sin atmosfære, og det bør avklarast snarast om ein klarer å finne ei løysing på dette som ikkje kjem i konflikt med kulturminneverdiar eller naturmangfald.

Vidare bør kommunen sjå på skiltinga til Kossdalen, og gå i dialog med Statens vegvesen om å få på plass «brunt skilt» i rundkøyringa i Lonevåg, som viser veg til mål som har særleg interesse for turisttrafikk. I vedteke trafikksikringsplan står dette om tilkomst til Kossdalen ved avkjørsel ved Mjøs Metall:

«Stenging av Kossdalsvegen for regulær trafikk ved Holabrua. Stenging med skilt. Open trafikk for beboarar og for naudsynt trafikk til utmark.»

Som ein forlenging av skiltproblematikken, er det ynskjeleg å få på plass ein skiltplan for Mjøsvågen og Kossdalen som seier noko om ruteval, faregrad og som gjev historisk informasjon om områda. Det er satt av nokre midlar i løvinga frå heradsstyret til formålet, men for å få til ein god heilskap bør ein ha eit samarbeid med Vener av Kossdalen og Vener av Mjøsvågen, i tillegg til å söke midlar. Det som er satt av frå heradsstyret, er såleis berre ein eigenandel og eit minimumsnivå.

Det er òg naturleg å sjå på parkeringstilhøve, og legge betre til rette for dette. Det gjeld spesielt i Mjøsvågen/Mjøsdalen. På Svenheim er det murar av kulturmiljøverdi heilt inn på parkeringsplassen. Det medfører at det per i dag ikkje er aktuelt å gjere tiltak på noverande parkeringsplass på Svenheim. Skal ein gjere tiltak der, må ein ta av landbruksområde. Det vil ein söke å unngå.

Det siste utviklingstiltaket ein må sjå på, er tilkomst til Kossdalen. Ein kan parkere ved Mjøsdalen ungdomshus og gå via «Markavegen», eller ein kan gå via den kommunale vegen gjennom eit gardstun. For at ein skal kunne gjere «Markavegen» kjent som tilkomst, bør turstien få plass i «Friluftslivets ferdsselsårer»¹³, samt grunneigaravtaler med dei som eig turstien. Utan dette på plass kan ikkje kommunen gjere denne tilkomsten kjent.

Andre utviklingstiltak i området vil vere initiert av privatpersonar, og forvaltningsplanen vil ikkje ta stilling til dette. Dei må sokast om på vanleg måte til kommunen, og blir avgjort gjennom ordinær saksgang.

Avslutning

Det er per i dag ein trend med auka besøkstal i Kossdalen. Vi har lite påverknadskraft til å regulere dette, men vi bør så langt det går forsøke å påverke utviklinga slik at området ikkje tek skade av

¹³ Friluftslivets ferdsselsårer er ein temaplan som er under utarbeiding per april 2024. Ein ventar den er klar for høyring i løpet av hausten 2024.

trafikken. Reiselivslaget vil i nær framtid sette opp besøksteller for å følgje med på utviklinga, men denne vil ikkje gje oss svar på forholdet mellom lokale, regionale, nasjonale og internasjonale gjestar.

Kosdalens kan vere med på å skape arbeidsplassar i reiselivet på Osterøy, både heilårleg og sesongbasert. Samtidig må vi ta i vare grunneigarane som får gåande og køyrande inn på sine eigedommar, kulturminneverdiane, naturmangfaldet og alle ostringar som framleis brukar vegen som ein del av sitt daglegliv.